

# Samla motstand mot Samla Plan

Den lokale motviljen mot utbygging av Øystesevassdraget og Steinsdalsvassdraget er massiv, synte eit folkemøte tysdag 5. oktober.

HÅKON NORHEIM

Bakgrunnen for møtet var at BKK ynskjer å byggja ut fire vassdrag som skal forsyna eit eventuelt nytt kraftverk i Aldal. Kraftverket skal erstatta det vel 100 år gamle Frøland kraftverk. To av vassdraga ligg i Kvam; Øystesevassdraget og Steinsdalsvassdraget.

- Stridseplet er om BKK skal få lov til å bora tunnelar frå Vossadalsvatnet, som er opphav til Øysteseelva, og frå Kvitabekktjødn, opphav til Steinsdalselva, til Samnangervassdraget. Det er ikkje snakk om å oppretta nye magasin, berre om å setja opp sperredemningar slik at vatnet kan leiast ut kunstig.



Fylkesmannens Kjell Hegna i ordskitte med utbyggingsmotstandar Oddvar Soldal.

## 74 prosent

Øystesevassdraget vil ved ei slik utbygging få 74 prosent av dagens vassføring ved sjøen. Vatnet som renn ut frå Vossadalsvatnet, har eit energipotensiale på 43,2 GWh til ein utbyggingskostnad på 45,7 millionar kroner. Vatnet frå Kvitabekktjødn tilsvarar ein energiproduksjon på 13,8 GWh til 24,8 millionar kroner. Både prosjekta ville difor vera gode økonomisk.

BKK og fylkesmannen meiner at ei utbygging av dei to vassdraga ikkje ville medføra «meget store» konsekvensar. Turfolk, naturvernarar og grunneigarar i Kvam meiner at konsekvensane av mindre vassføring ville vera svært store. Fylkesmannen si miljøvernavdeling meiner at det berre er snakk om ulik definisjon av orda «meget store» konsekvensar. Dette er ikkje kvemmingane med på.

## Urørt

Klaus Rasmussen i Vernelaget for vassdrag i Kvam påpeika at kvaliteten på friluftslivet vil verta kraftig redusert ved ei tørr Vossadalselv.

- Me snakkar om det største urørde området i Kvam, der det er tre kilometer til næraste tekniske inngrep. Desse områda minkar kvart år. Med ei utbygging er det 100 prosent sikkert at me aldri meir får sjøaure og laks i elva, sa Rasmussen.

Fleire la vekt på at Øysteseelva er urörd frå snø til sjø. Elva ligg i det mest nytta turområdet i Kvam.

Grunneigarane på Kvamskogen er uroa over at friluftarealet for hytteeigarane på Skogen ville verta forringa med ei utbygging av Steinsdalsvassdraget.

Oddvar Soldal heldt fram at urörd natur må ha ein stadig aukande verdi, og ikkje så enkelt kan haldast opp mot økonomiske verdiar.

- Det ville vera eit svært stort inngrep å byggja ut desse elvane, seier Soldal.

Per Olaf Buan seier at redusert vassføring ville verka øydeleggjande på fiskebestanden i Fitjadalsvatnet, som han utan vederlag har brukt 2.500 timar på å kultivera.

Leiv Sandven peika på at om lag 1.000 turgåarar det siste året har vore meir enn fem gonger i turområdet det er snakk om.

- Her må vera uerstattelege verdiar, seier Sandven.

## Jordbruk

Liv Lyngstad peika på konsekvensane for jordbruket.

- I vossadalsområdet er det om lag 1.000 sauer, og desse ville missa elva som naturleg sperregjerde, seier Lyngstad.

Jostein Odland meiner det ville få natur-øydeleggjande konsekvensar å tørrleggja dei sju-åtte-etasje fossane i elva opp mot Steinskvandalen.

- Gå i alle fall ut og sjå på fossane før de legg planar, seier han til representantane frå BKK og fylkesmannen.

- Ordførar Astrid Selsvold la vekt på trivsel og oppleving då ho bar fram sitt syn.

- Formannskapet har i dag sagt klart nei til desse to prosjekta, sa ordføraren til klapping frå salen.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har teke ei førebels avgjerd om at BKK kan søkja konsesjon for bygging av energiverket og overføringane til Samnangervassdraget. Fylkesmannen i Hordaland har sendt DN si avgjerd på lokal høyring. Fylkesmannen vil samanfatta fråsegnene, og så vil DN på bakgrunn av dette gjera sitt endelege vedtak innan slutten av november. Fylkeskommunen har alt uttala seg til fordel for BKK. Heradsstyret skal handsama saka 19. oktober.